

SLUTTRAPPORT
BYGDA DANSAR I TELEMARK

TILJETAKT

SEPTEMBER 2013–JULI 2016



STIFTINGA FOR FOLKEMUSIKK
OG FOLKEDANS



TELEMARK
fylkeskommune



Forsidefoto: Frå sluttframsyninga *Mørkt her endå er i dalen*, Bygda dansar Telemark FOTO: KNUT UTLER
Design: Eva Karlsson

INNHALD

Sluttrapport: Bygda dansar i Telemark

TILJETAKT

Oppsummering	4
Resultat.....	4
Fagleg fokus.....	4
Utfordringar.....	4
Bygda dansar-prosjekta	6
Målsetting og visjon for Bygda dansar-prosjekta.....	6
Pedagogisk og kunstnarisk idé.....	6
Tiljetakt	9
Samarbeidspartnarar.....	9
Fagleg arbeid	11
Dansemateriale.....	11
Musikkmateriale.....	11
Pedagogisk arbeid og fagutvikling.....	13
Dokumentasjon.....	13
Rekruttering og skulebesøk	15
Helgesamlingar	17
Lokale øvingar	17
Turar, fellessamlingar og andre aktiviteter	18
Framsyningar og scenisk arbeid	19
Telesegn med Tiljetakt.....	19
Mørkt her endå er i dalen.....	19
Kommunikasjon og marknadsføring	21
Oppslag i media.....	21
Økonomi	22
Prosjektrekenskap.....	22

Oppsummering

RESULTAT

- 1200 ungdommar i alderen 13 – 19 år har møtt sin lokale immaterielle kulturarv
- skapt engasjement og blest rundt folkedansen i Telemark
- gjennomført 12 helgesamlingar og 15 lokaløvingar på fylkesnivå
- 15 medieoppslag om prosjektet
- bidrege til folkedans og –musikk som næring gjennom engasjement av instruktørar, spelemenn, musikarar, koreografar, regissørar og unge danseførebilete – til saman 25 personar
- stimulert unge talent til vidare arbeid med folkedans og teater
- økt fokus på pedagogisk metodeutvikling i tradisjonsdans frå Telemark
- blåst liv i og auka interessa for tradisjonelle danseformer frå Telemark
- utvikla to danseframsyningar *Telesegn med Tiljetakt* i 2015 (synt tre gonger for 323 publikum, 24 ungdom deltok), og *Mørkt her endå er i dalen* i 2016 (synt to gonger for 367 publikum, 27 ungdom deltok)
- delteke på lokale og nasjonale kappleikar, vore markert på ulike kulturelle arenaer i fylket og landet, til dømes under ei opning av nytt torg på Rjukan, som artistar på Førde Internasjonale Folkemusikkfestival 2015 og med førestilling på Telemarkfestivalen i 2015 og 2016

FAGLEG FOKUS

- Individretta undervisning med dyktige lokale rollemodellar
- Samarbeid mellom amatørar og profesjonelle
- Nytenking, analyserande, problemløysande og eksperimentell undervisning
- Lagt til rette for auka bruk av arkivmateriale frå Telemark

UTFORDRINGAR

- Redusert bemanning i prosjektet frå 150 til 100 % blei kompensert med innleie, men informasjonen til miljøet flaut ikkje så godt som før.
- Ingen prosjekttilsette busett i fylket var med å avgrense kontakten med det frivillige folkedans-miljøet.
- Vanskeleg å få nok frivillige til å hjelpe til under helgesamling.
- Lett å engasjere ungdommen på skulerekuttering, men vanskeleg å konkurrere med andre tilbod i ein travel kvardag, så prosjektet rekrutterte få nye ungdom til folkedans.

Marknadsføringstoto til midtframsyninga
Telesegn med Tiljetakt.



Ei scene frå sluttframsyninga *Mørkt her endå er i dalen.*

FOTO: KNUJ UTLEIR

Bygda dansar- prosjekta

Bygda dansar (www.bygdadansar.no) er eit nasjonalt folkedans-prosjekt hovudsakleg retta mot ungdom frå 15 til 19 år. Det er utvikla og eigd av Stiftinga for folkemusikk og folkedans (Sff, www.folkemusikkogfolkedans.no). Bygda dansar er det største faste prosjektet ved Norsk senter for folkemusikk og folkedans og følgjer intensjonen i UNSECO konvensjonen om immateriell kulturarv: synleggjering, kompetansestyrking og vidareføring av folkedans- og folkemusikktradisjonar gjennom ikkje-formell opplæring av ungdom. Prosjektet gjennomførast fylkesvis i samarbeid med lokalmiljøet. Det er lokalmiljøet sjølv som søker Sff om å få eit prosjekt lagt til sitt fylke, noko som krev delfinansiering frå fylkeskommunen. Sentret har det faglege, pedagogiske, kunstnariske og administrative ansvaret for prosjekta. Prosjektmodellen er 100 % prosjektleiar med arbeidsstad ved Norsk senter for folkemusikk og folkedans og 50 % prosjektmedarbeidar med arbeidsstad lokalt i fylket. Forutan løn til dei tilsette i prosjektet, blir det ført administrativ støtte tilsvarende ca. 5 % stilling. Prosjektet samarbeider med lokale ressurspersoner og lokale lag i organisasjonane FolkOrg (Organisasjon for folkemusikk- og folkedans) og Noregs Ungdomslag (NU).

Bygda dansar-prosjekta har ei total budsjett-ramme på 3,3 millionar kroner over ein prosjektperiode på 3 år. Dei blir finansierte gjennom sentret sitt tilskot frå Kulturdepartementet (kap. 323 Musikkformål, post 78) med lokal delfinansiering der fylkeskommunen bidreg med 300.000 kroner (450.000 for prosjekt med start fom. 2014).

Tiljetakt i Telemark var det åttande Bygda dansar-prosjektet:

Sogn og Fjordane, Fjordapulv 2001–2004 (pilot-prosjekt)

Møre og Romsdal, Snu nordvest 2004–2007

Oppland, Lea de 2007–2010

Buskerud, Danseru 2009–2012

Nord-Trøndelag, Trø te' 2010–2013

Vest-Agder, Egdedans 2011–2014

Hedmark, Lek Østa! 2012–2015

Telemark, Tiljetakt 2013–2016

Akershus, Akersarv 2014–2017

Rogaland, 2016–2019

Troms, 2017–2020

Sluttrapportane er publisert på www.bygdadansar.no.

MÅLSETTING OG VISJON FOR BYGDA DANSAR-PROSJEKTA

Bygda dansar ønskjer å styrke folkedans som kulturarv, kunstnarisk uttrykk og samværsform. Målsettingane er fleirdelt. Prosjektet skal sikre at landet, til ein kvar tid, har gode frilans tradisjonsberarar som kjenner kulturarven vår og kan delta i dansekunstproduksjonar. I samarbeid med fagmiljøet ved sentret utviklast kontinuerleg idear og teknikkar for formidling, undervisning og presentasjon av samværsdans og scenisk dans på tradisjonsdansen sine premisser. Det er eit mål å stimulere til dans som sosial aktivitet og næring i regionen. Prosjektet bidreg med fagdagar til dansemiljøet i regionen.

Danseforebilete, musikarar, med-instruktørar og andre medhjelparar søkast primært lokalt.

Lokalt ønskjer Bygda dansar:

- å rekruttere og læra opp ei gruppe unge dansarar innafor ein lokal eller regional dansetradisjon til eit godt teknisk og kunstnarleg nivå
- å rekruttere nokre få toppdansarar, innafor denne tradisjonen, som vil satsa på dansen som del av yrkesverksemda si anten som frilansdansarar eller pedagogar
- å gi ungdom, særleg i bygde-Noreg, eit tilbod om å arbeida med dans på eit høgt nivå.
- å hjelpa fram dans som attåttnæring, ikkje minst i bygdemiljø
- å gi regionen røynsle med å arbeida med kunstnarlege og sceniske uttrykk på eit godt nivå
- å styrka fagkompetansen for dans i lokalmiljøet, regionen
- å inspirera og styrka det vanlege, friviljuge folkedansarbeidet
- å styrka den regionale folkemusikken mellom anna ved å knyta han sterkare til dansen som han alltid har høyrst saman med.

PEDAGOGISK OG KUNSTNARISK IDÉ

Bygda dansar formidlar lokal norsk folkedans for ungdom i ungdomsskulen og i den vidaregåande skulen. Dette resulterer i eit spesialisert opplærings- og talentutviklingsprogram for ei ungdomsgruppe i eller utanom skuletida. Gjennom individuell opplæring og praktisk øving blir det utvikla skreddarsydde metodar for undervisning i folkedans, slik at kvar enkelt deltakar får best mogleg dansefagleg utbytte. Der det lar seg gjere, vil prosjektet knytte til seg eldre tradisjons-



Fiskescena i midtframsyninga *Telesegn med Tiljetakt* vart utforma av ungdomane sjølve under rettleiing.

berarar frå fylket for å gje ungdommen større perspektiv på, og kunnskap om eigen dans. Målsettinga er både å utvikle eit lokalt ensemble som kan føre vidare folkedansen i fylket, men også å stimulere talent til å arbeide vidare med dansen sin. Det vert produsert to danseførestillingar i prosjektet med scenisk bruk av dei lokale folkedansane. Den siste av førestillingane, som avsluttar det treårige prosjektet, knyt til seg ein profesjonell koreograf og regissør på nordisk nivå, og blir vist på scener både lokalt og nasjonalt.

Den pedagogiske metoden tar utgangspunkt i individretta metodikk der fokuset ligg på å auke danseferdighetane hos kvar enkelt. Ved å arbeide med eit lite utval dansar får deltakarane sjå nærare og gå djupare inn i nokre dansar, i staden for å ta lett på mange dansar. Undervisninga har romslege og akseptierende haldningar til personleg stil, og oppmuntrar til personleg uttrykk. Gjennom herming og praktisk øving skal deltakaren erfare kunnskapen i eigen kropp og knytte

den immaterielle kulturarven sterkare til seg sjølv. Særlege talent vil få spesiell oppfølging. Musikken er ein integrert del av folkedansen og prosjektet nyttar spelemenn i all undervisning og i dei sceniske framsyningane.

Det pedagogiske arbeidet tek sikte på å inspirere og utvikle lokale dansarar og folkedanspedagogar, samt inspirere og hjelpe lærarar i skulen til å nytte lokal folkedans i undervisninga. Dette skjer ved at folkedansutøvarane blir medarbeidarar i prosjektet, og at lærarar i skulen får tips og vegleiing gjennom ulike dømer som blir nytta.

Det kunstnariske arbeidet består mellom anna i å nytte den lokale folkedansen i nye kontekstar gjennom ulike presentasjonsformer, og gjennom omarbeiding og utvikling av koreografiar. I den kunstnariske prosessen samarbeider prosjektet med lokale og internasjonale profesjonelle ressurspersonar og institusjonar. Der det er grunnlag for det, vil prosjektet knytte til seg ungdom med bakgrunn frå andre kulturar og inkludere deira folkedans i undervisning og framsyning.



Ei scene frå midtframsyninga *Telesegn med Tiljetakt*.



Stemningsbilete frå helgesamling.

Tiljetakt

Etter søknad om Bygda dansar frå Telemark Folkemusikklag, med prosjektleiar Hæge Manheim i spissen, blei prosjektet tildelt fylket med start september 2013.

Ingrid Heieren blei tilsett i 100% som leiar for prosjektet. Ho hadde kontorstad Trondheim, på Norsk senter for folkemusikk og folkedans. Bjørnar Blaavarp Heimdal blei tilsett som prosjektmedarbeidar i 50% med kontorstad Nore, Numedal. Frå oktober 2014 blei prosjektleiarstillinga redusert til 50 % med kontorplass Førde. Etter reduksjon av prosjektleiarstillinga vart underbemanninga

i andre og tredje året kompensert med innleie av instruktørar og ressurspersonar med spesialkompetanse på sitt felt og med ansvar for instruksjonen ut til ungdomane.

Tiljetakt vart valt som namn på prosjektet. Tiljetakt er satt saman av Tilje/tile, eit gamalt ord for golv/dansefloor. Takt viser til rytmisk lyd eller rørsle, gjerne nytta i samband med musikk og dans; gå i takt, danse i takt, trø takta.

Prosjektansvarleg ved Norsk senter for folkemusikk og folkedans var direktør Marit Stranden. Frå starten til juni 2014 var Gro Marie Svidal prosjektkoordinatør for dei tre Bygda dansarprosjekta med fagleg ansvar for opplæring, koordinering og oppfølging. I tillegg til prosjektleiinga har dei tilsette på sentret bidrege til det faglege arbeidet: Ivar Mogstad, Sjur Viken, Torill Steinjord, Gro Marie Svidal, Siri Mæland, Tone Honningsvåg Erlien, Egil Bakka og Marit Stranden. Det er jamnlege erfaringsutveksling, -overføring og metodikkutvikling blant Bygda dansar tilsette. I prosjektperioden til Tiljetakt har desse bidrege i det faglege nettverket: Gro Marie Svidal, Linnea Helmersson, Agnar Olsen, Thomas Nilssen, Inga Myhr, Margrete Nordmoen, Mathilde Øverland, Øyvind Sandum og Trine Merete Sjølyst.

SAMARBEIDSPARTNARAR

Spelemannslag og danselag har vore til stor hjelp gjennom heile prosjektperioden. Telemark Folkemusikklag, Noregs Ungdomslag i Telemark, Tinn Spelemannslag, Tinndølan, Seljord Folkemusikklag, Gransherad spel- og dansarlag, Vinje Spelemannslag, Seljord og Kvitseid Leikarring og Bø Dansarring har alle vore med under helgesamling, og også nokre under gjennomføring av framsyning.

Det som har vore lagt ned av dugnadsinnsats under helgesamling er innkjøp av mat, matlagning, nattevakt, leige lokale, rydde / vaske lokale, transport av ungdom og kontakt med lokalt brannvesen om overnatting på skule. Dette gjorde til at prosjektleiinga kunne konsentrere

seg om det faglege opplegget under helgesamling og følgje opp ungdom både fagleg og sosialt. I nokre tilfelle har prosjektleiinga tatt på seg fleire av desse oppgåvene, og har i ettertid sett kor viktig dugnadshjelpa er!

Det har vore arrangert eit par dansefestar i samarbeid med lokallag. Saman med Seljord Folkemusikklag vart det stilt i stand ein dansefest i Flatdal under helgesamling i oktober 2015. Det var ein svært vellukka dansefest. Ved neste høve la me helgesamling i Atrå til ei helg det også vart arrangert dansefest i regi av Tinndølan. Tiljetakt var her såleis berre på besøk på dansefesten, og ikkje arrangørar. Der møtte dei lokale opp både til konsert og dans. Potensialet i kontakt mellom ungdomane og dei lokale miljøa for vidare aktivitet etter prosjektet kunne vore utnytta betre.

Folkemusikkarkivet i Telemark var med og dokumenterte nokre helgesamlingar og framsyningane.

Fylkeskommunen med kultursjef i spissen var med under opninga av prosjektet hausten 2013. Det har vore sendt ut informasjon undervegs i prosjektet og invitasjon til framsyningane begge åra. Kommune og skular har samarbeida på ulike måtar. I samband med skule-turnéen for rekruttering det første året besøkte me ungdomsskular og vidaregåande skular som ville ta i mot besøk. Me vart oftast møtt med smil og velvilje både av lærarar, rektorar og elevar. Fleire skular ønskte fleire besøk av oss, eit tilbod me prøvde å tilfredsstille avgrensa av budsjetttramma til rekrutteringsdelen av prosjektet. Til helgesamlingane leigde me skular og samfunnshus, og kommunar og grendelag imøtekom oss med gode avtaler på utleige og godt samarbeid gjennom heile prosjektperioden.

Framsyningane har vore synt fram på ulike scener både lokalt og nasjonalt. Me opplevde godt samarbeid med dei lokale scenene i Granvin Kulturhus, på Vinjehuset i Åmot og under Telemarkfestivalen i Bø. Dei imøtekom våre behov for øving i forkant til rimeleg leige. Riksscenen – scene for folkemusikk og folkedans hadde arrangøransvar for premieren på sluttframsyninga. Der fekk vi søndagen til å øve og gjere oss klare til framsyninga på ettermiddagen. Fredagskveld og laurdag var vi i Seljord på Granvin Kulturhus og fekk finøvd til framsyninga.

I starten av prosjektet vart det dansefaglege arbeidet i hovudsak utført av dei tilsette i prosjektet. Grunna små stillingar vart det i andre og tredje året leigd inn instruktørar og ressurspersonar med spesialkompetanse på sitt felt og med ansvar for instruksjonen ut til ungdomane. Gjennom heile prosjektperioden har det vore



«Kick-off» for Bygda dansar Telemark under Seljordskappleiken i 2013.

engasjert svært mange dyktige instruktører og musikarar med instruksjon i dans og musikk til skulebesøk, lokale øvingar og helgesamlingar. Prosjektet har knytt til seg dyktige tradisjonsdansarar, erfarne instruktører og musikarar frå ulike delar av fylket, og det har vore engasjert koreograf / regissør og musikkansvarlege frå fylket, på nasjonalt nivå. Ei viktig ressursgruppe for prosjektet har vore danseførebilete som er dyktige unge dansarar like over alderen til målgruppa som bidreg til det sosiale i gruppa i tillegg til å bidra med dans/ musikk.



Velfortente blomar etter sluttframsyninga på Riksscena.

Innleigde instruktører:

Hæge Manheim
Inga Myhr
Karianne Jorde Holestøl
Lars Fivelstad Smaaberg
Sigbjørn Rua
Simon Hesselberg Løvald
Stian Roland
Sivert Holmen
Unni Bokstap
Øystein Romtveit

Danseførebilete:

Bjønn Raffevold Rue
Mari Moen
Rut Fjågesund
Svanhild Amdal Telnes

Musikarar:

Ingrid Stuhaug
Lars Ingar Meyer Fjeld
Oddbjørn Aase
Ottar Kaasa
Sara Fjågesund
Seljord Folkemusikklag
Åsmund Jøtun Fauske

Koreografer / regissørar:

Hæge Manheim
Stian Roland

Musikere framsyning:

Lars Ingar Meyer Fjeld
Oddbjørn Aase

Fagleg arbeid

Tiljetakt nytta tradisjonelle danseformar frå Telemark som utgangspunkt for det dansefaglege arbeidet. Arkivet ved sentret vart nytta saman med publisert og ikkje publisert danse-materiale, ressurspersonar og lokale kjelder.

Tiljetakt hadde kunnskapsutveksling og samarbeida godt med det lokale folkedans-miljøet og instruktørar som vart nytta inn i prosjektet, både på helgesamlingar og lokal øving.

DANSEMATERIALE

Telemark er eit tradisjonsrikt fylke. Med sterke røter langt attende er det framleis eit fylke med levande dansetradisjon og med sterke utøvarar. Det finst mykje tradisjonsmateriale på film ved sentret, og ein nytta filmopptak av eldre dansar og dansepar i bruk i analyse og innstudering av dansane, i tillegg til levande kjelder. Repertoaret til prosjektet vart i hovudsak lokale tradisjonsdansar, og noko frå det felles nordiske repertoaret – særleg gjaldt dette runddans.

Det vart gjort ei kartlegging av dansemateriale, ressurspersonar og lokale kjelder i starten av prosjektet. I det første prosjektåret bruka prosjektleiinga god tid på å sjå gjennom alt materialet frå Telemark i arkivet. Det vart gjort eit utval dansar som me ønskte å ta med oss vidare i prosjektet, og starta innstudering av desse. Fleire av arkivfilmane vart jobba grundig med og nokre vart vidareført til ungdomar og instruktørar, gjerne i samband med innlæring av dansen i ubrutt tradisjon. Det vart då drøfta og diskutert kva som var nytt, kva hadde gått tapt, kva ønskjer me å ta med vidare, osv.

Ungdomane hadde dansa telespringar og telegangar på førehand, men det var få som hadde dansa dette så mykje. I det første prosjektåret 2013–2014 vart det jobba med springar og gangar frå Tinn, skotsking og runddans som vals, reinlender, galopp og masurka. Vinteren 2014 lærte Sigbjørn Rua og Unni Boksasp ut ein gangar frå Tinn, på folkemannen kalla Tinngangar. Det vart jobba mykje med dansen frå Tinn, både på helgesamling og lokale øvingar, og då særleg i Tinn kor dei også hadde besøk av Kjetil Olesrud og Birgit Dale, eldre tradisjonsberarar av springar og gangar frå Tinn, på lokal øving. Det var stor fokus på å lære dansen godt for å kunne nytte den vidare i framsyning og kappleik.

I andre prosjektåret var det fokus på springar frå Vest-Telemark. Øystein Romtveit og Hæge Manheim lærte ut dansen seint på hausten 2014, og dansen vart nytta mykje i arbeidet med midt-framsyninga. Det vart jobba vidare med ulike runddansar, særleg masurka og reinlender, og skotsking som vart lært ut første året.

Til sluttframsyninga jobba ein vidare med dei særprega lokale variantane av springar og gangar, det vart jobba meir med skotsking og ulike runddansar. I samband med framsyningsarbeidet jobba nokre av ungdomane med arkivopptak saman med Stian Roland og Hæge Manheim, der dei fekk utfordre seg sjølve på herming, både på dans og dansestil, særleg med springar frå Drangedal og springar frå Nissedal.

Liste over dansematerialet

Telegangar
Telespringar
Gangar frå Tinn (instruksjon av Sigbjørn Rua, Unni Boksasp). Kjetil Olesrud og Birgit Dale var rollemodellar ungdomane fekk danse med.
Springar frå Tinn (instruksjon av Sigbjørn Rua, Unni Boksasp, Torbjørn Rua Dokken). Kjetil Olesrud og Birgit Dale var rollemodellar ungdomane fekk danse med.
Springar frå Vest-Telemark (instruksjon av Øystein Romtveit, Hæge Manheim)
Springar frå Drangedal
Springar frå Nissedal
Skotsking (instruksjon av Hæge Manheim)
Springar – tremannsdans (instruksjon av Hæge Manheim)
Halling frå Edland
Halling (laus)
Lukka og open reinlender
Masurka
Springpolka
Vals
Polka
Stekte harra

MUSIKKMATERIALE

På alle samlingar og øvingar har me nytta lokale folkemusikarar med solid tradisjonskunnskap og som i hovudsak har eit stort lokalt repertoar. Det har vore fleire innom prosjektet, men me har nytta spelemannen Lars Ingar Fjeld den meste av tida. I første prosjektåret var det fleire yngre spelemenn frå Tinn med og spelte til dans.

Spelemenna kom med forslag på slåttar til dei ulike scenene i dei to framsyningane. I midt-framsyninga var det soger frå Telemark som var tema. Det vart nytta slåttar som var knytt til sogene: Fossegrimen og Kivlemøyane, i tillegg til fleire slåttar som vart knytt opp til ulike hendingar i framsyninga. I tillegg til å nytte tradisjonelle slåttar spelt på hardingfele, bidrog multi-instrumentalist Oddbjørn Aase, mest på perkusjon, men også synth, «kyrkjeklokker» og diverse anna.

Til sluttframsyninga komponerte Oddbjørn musikk knytt til ulike stemningar i framsyninga



«Kick-off» for Bygda dansar Telemark under Seljordskappleiken i 2013: Fylkesordførar Geir Berge Nordtveit klippa skolissa, skohaldarar var prosjektmedarbeidar Bjørnar Blaavarp Heimdal og prosjektleiar Ingrid Heieren.



Helgesamling i Flatdal.

og laga bla eit rockeriff til eit arkivopptak med Bjarne Øverbø som bl.a. syng om Guro Heddelid. I tillegg til Oddbjørn var Lars Ingar spelemann og spelte tradisjonsslåttar gjennom heile fram-syninga. Slåttane vart nøye plukka ut med tanke på å understreke og bygge opp hendinga i fram-syninga.

PEDAGOGISK ARBEID OG FAGUTVIKLING

Ein viktig del av det faglege arbeidet er instruksjonsmetodikk. Metodar for å formidle dansen til målgruppa vert vidareført frå tidlegare Bygda dansar-prosjekt og blir i kvart enkelt prosjekt utvikla og tilpassa deltakarane. Ny metodikk har også blitt utvikla i forhold til å formidle dei enkelte lokale dansane til ulike målgrupper. Noko av metodikken er tilpassa skulebesøk, og noko er tilpassa dei meir erfarne dansarane som har vore på lokale øvingar og helgesamlingar. Tiljetakt har knytt til seg erfarne instruktørar og musikarar i hovudsak frå Telemark. Å nytte instruktørar med ulike kvalitetar og kompetanse er viktig for å få breidde i undervisninga og for å kunne drive på eit godt fagleg nivå.

Ein annan del av det faglege arbeidet var å formidle dans og dansetradisjonar i ein naturleg kontekst. Eit eksempel av det er under dei lokale dansefestane der ein lærer av å prøve og å danse med andre erfarne dansarar.

Under framsyningsarbeidet vart ungdomane inkludert i arbeidet med å lage framsyning, både med dansemateriale og med koreografi av utvalde scenar.

DOKUMENTASJON

Det faglege utviklingsarbeidet dokumenterast og lagrast i arkivet ved Norsk senter for folke-musikk og folkedans. Det inkluderer filming av mellom anna: utprøving av det dansefaglege arbeidet, utvikling og utprøving av metodikk (fagdagar for Bygda dansar-personalet og helgesamling), utprøving av koreografi, og framsyningane. Tilveksten av arkivmateriale frå prosjektet til sentret var 2866 bilete og 456 GB film. Tiljetakt-tilsette har i løpet av prosjektperioden også gjort nedteikningar og transkripsjonar av nokre dansar i Sff sitt arkiv.

Folkemusikkarkivet i Bø var delaktige med filming både under helgesamlingar og på baa framsyningane, blant anna helgesamling i Flatdal 17.-19. oktober 2014, i Seljord 10.-12. april 2015 og premiera på midtfamsyninga i Seljord 25. april 2015. Baa framsyningane vart sett opp under Telemarkfestivalen i Bø, og Folkemusikkarkivet i Telemark var på plass og dokumenterte både i 2015 og 2016.



Skulebesøk på Notodden vgs.: Ingrid Stuhaug spelar til dans.



Skulebesøk på Notodden vgs.;
Sigbjørn Rua instruerar halling.

Rekruttering og skulebesøk

Det er ei målsetting for Bygda dansar å nå ut til flest mogleg ungdommar. Gjennom skulebesøk og i møte med lærarar og elevar introduserast dansen for nye mottakarar og den lokale folkedansen vert synleggjort som ein ressurs for skulen. Oppleving og meistring står i fokus under skuleturneane som går føre seg i første og andre året i prosjektet. Tiljetakt nådde til saman ut til 1200 ungdommar i alderen 13–19 år, og deira lærarar gjennom skulebesøk på 45–90 min. lange økter. Telemark er eit stort fylke med vidaregåande skular spreidde over store deler av fylket. Det vart prioritert dei skulane som synte stor interesse for besøk. Nokre hadde besøk ein gong, andre to: Skien vidaregåande skule, Porsgrunn vidaregåande skule, Bø vidaregåande skule, Notodden vidaregåande skule, Vest-Telemark vidaregåande skule avd. Dalen, i tillegg til Rjukan ungdomsskule og Vinje skule, Åmot.

Det var i stor grad positive attendemeldingar frå skulane, og ungdomane sjølve var alltid svært glade og fornøgde etter timen. Det var mange som var interesserte i å få meir informa-

sjon om prosjektet pr. e-post, men diverre var det få som faktisk blei med vidare. Det er lett å engasjere ungdommen, men vanskeleg å konkurrere med andre tilbod i ein travel kvardag.

Skulebesøka blei gjennomførte både av tilsette i prosjektet og av innleidde instruktørar. Sigbjørn Rua, Ottar Kåsa, Ingrid Stuhaug, Lars Ingar Meyer Fjeld, Lars Fivelstad Smaaberg, Sivert Holmen, Åsmund Jøtund Fauske og Simon Hesselberg Løvald var med som danseinstruktørar og / eller spelemenn saman med Ingrid Heieren og Bjørnar Blaavarp Heimdal. Dansane som vart lært ut var ofte reinlender, polka, telegangar, ulike rilar og halling.

Tiljetakt var på besøk hos Skien vidaregåande skule hausten 2013. Danselinja jobba der med folkedans, folkedanskropp og ulike uttrykk i samband med ei framsyning som skulle setjast opp våren 2014. Dette var erfarne dansarar, men med lite erfaring frå folkedans. Dei fekk lære gangar frå Telemark, reinlender, polka, ril og halling.



Helgesamling i Vinje. Øving av springar frå Vest-Telemark med Hæge Manheim og Øystein Romtveit før siste fram-syning av *Telesegn med Tiljetakt*.



Lars Ingar Meyer Fjeld spelar til dans under helgesamling.

Helgesamlingar

Helgesamling er sjølve møteplassen i prosjektet. Her møtast deltakarane til ei heil helg med dans og moro, og ikkje minst sosialt. Det er ein arena der dei får nye erfaringar, knyt verdfulle kontaktar og hentar motivasjon og inspirasjon frå kvarandre. Det er under helgesamlingane ein får tid til å undervise i dei lokale dansane. Det er her ungdomane får bygd seg opp eit danserepertoar og utvikla danseferdighetane sine. Gjennom tre år har det vore stor skilnad på helgesamlingane, med alt frå reine kurshelger der ein lærer ein ny dans, til terping på scener i framsyning. Alltid med levande musikk og med dyktige instruktørar med ulik kompetanse innanfor instruksjon, tradisjonsdans og scenisk arbeid.

Ei typisk helgesamling i Tiljetakt var oppmøte fredagskveld med middag og dans. Laurdag har vore sjølve kursdagen med innleidde instruktørar og einsretta fokus, medan søndag har ein nytta til oppsummering med instruktør. På kveldstid har det vore alt frå vill diskodans, utkledding, filmsjåing, dans (og gjerne då noko heilt anna som pols, valdresspringar og swing) og show til meir sportslege aktivitetar som volleyballkamp og symjing. Og ikkje minst godterieting og skravling. I tillegg har det vore eit par større dansefestar der lokale spelemannslag og danselag har vore invitert, og også vore med som arrangørar. Lokale spelemanns- og

danselag, foreldre og enkeltpersonar har hjelpte til med innkjøp, matlaging, nattevakter, tinging av hus og anna praktisk i samband med helgesamling.

Deltakartalet har vore jamt godt, mellom 16-29 ungdomar har møtt opp på helgesamling gjennom tre år.

Følgjande samlingar har blitt gjennomført:

- 2013 20.-22. september, Seljord, i samband med Seljordskappleiken – kick off!
- 2014 31.-2. februar, Atrå
17.-19. oktober, Flatdal
28.-30. november, Atrå
- 2015 16.-18. januar, Gransherad
20.-22. mars, Bø
10.-12. april, Seljord
24. april, Seljord (midtframsyning)
9. august, Bø (midtframsyning)
30.-1. november, Vinje (midtframsyning)
4.-6. desember, Tinn
- 2016 22.-24. januar, Gransherad
11.-13. mars, Bø
1.-3. april, Seljord
22.-24. april, Seljord/Oslo (sluttframsyning)
19. august, Bø (sluttframsyning)

Lokale øvingar

Det har vore arrangert til saman 15 lokale øvingar. I nokre områder har det vore danseøving kvar veke gjennom heile prosjektperioden i regi av lokale lag, og her har nokre av øvingane vert instruert av prosjektet. Andre stader, som i Bø, vart det sett opp nokre lokale øvingar. Samlingane for å delta på kappleik vart og nytta som lokal øving. Fram mot framsyningane vart det arrangert nokre eigne lokale øvingar for hallingdansarane, gjerne i Tinn.

Turar, fellessamlingar og andre aktiviteter

Det har vore viktig å introdusere deltakarane i prosjektet for folkemusikk og -dansemiljøet og oppdage at det er fleire ungdomar som dansar andre stader i Noreg. Dei fekk tilbod om å delta på ulike fellesarrangement for alle Bygda dansar-prosjekta. Hausten 2013 deltok dei på HilmarUng under Hilmarfestivalen i Steinkjer, 8.-11. november. Atten ungdomar frå Tiljetakt deltok på dansekurs, konsert, teaterframsyning og dansegalla. Under Folkemusikkveka på Ål 30. mai-1. juni 2014 arrangerte alle Bygda dansar-prosjekta ei felles helgesamling med 23 ungdomar frå alle fire Bygda dansar-prosjekta, 14 frå Telemark. Det var kurs i hallingspringar på dagtid og dans på kvelden. På laurdag deltok fleire på hallingdansen-tevlinga og på ettermiddagen fekk alle sjå Kong Nor - 1814-framsyninga med folkemusikk og -dans. I midten av oktober 2015 deltok 13 frå Tiljetakt på Hallingdal Juniorspelemannslag sin festival Storhelg i Hallingdal, på Torpo. Fredagskveld fekk alle oppleve framsyninga «Goto guta» av Frikar. Laurdag fekk alle delta på valfrie kurs. På kvelden spelte Raabygg til fullstappa dansegolv, og søndag fekk alle synt seg fram med avslutningskonsert på kulturhuset på Ål.

Tiljetakt har sett stor ringverknad på deltaking og rekruttering av ungdomar til prosjektet frå miljøet. Me har bevisst oppsøkt lokale kappleikar med deltaking i lagdans for å legge eit

grunnlag for at ungdomane har eit miljø etter at prosjektet er ferdig. Det har vore ei stor motivasjon for ungdommane å delta og vere med å synleggjere aktiviteten på denne måten. Gjennom heile prosjektet har me sett deltaking i lagdans på kappleik svært høgt. Det har vore eit viktig møtepunkt utanom helgesamlingane, både for at ungdomen skal møtast att, men også at dei skal få møte resten av miljøet. Det har vore viktig for oss å synleggjere for miljøet kva prosjektet er og kva ungdom som er med. Dette trur me også har medverka til stor velvilje når me har spurt om dugnadshjelp til arrangement. Under desse kappleikane har lokaløving vore ein del av hendinga. Det har gjort til at det har vore godt oppmøte sidan alle får delta gratis på kappleik.

Tiljetakt fekk delta med 12 dansarar som artistar på Førde Internasjonale Folkemusikkfestival 2015. Dei laga ei halvtimes framsyning som vart vist på familiekonserten, dansa framsyningar på hotellet under frukosten og under utefrukosten. I tillegg deltok dei med gatespel og var med i opptoget.

I Tiljetakt sitt andre prosjekt-år vart det spelt inn ein reklamefilm for Bygda dansar der fleire av ungdomane var med og dansa. I tillegg er fleire av deltakarane aktive dansarar med mange oppdrag i regi av andre danselag.

Framsyingar og scenisk arbeid

Bygda dansar har som mål å utvikle folkedans for scenisk bruk, og arbeidar målretta med tilrettelegging og utvikling av scenedans som byggjer på folkedansen sin estetikk og teknikk. Det sceniske arbeidet i Tiljetakt tok stor del både våren 2015 og våren 2016 til midt- og sluttframsyinga. I tillegg vart det jobba med fagleg fordjuping i dei lokale dansane, og det i stor samanheng til det sceniske arbeidet til dei to store framsyningane.

TELESEGN MED TILJETAKT

Midtframsyinga kalla me *Telesegn med Tiljetakt*. Framsyinga var inspirert av fleire ulike soger frå Telemark. Historia var basert på sogene med lokale danseformer som forteljande grunnlag. Telemark er kjend for sine soger, og det var eit naturleg val å ta tak i nokre av sogene til midtframsyinga. Manuset vart bygd på ulike soger om bergtaking, saga om Fossegrimen og saga om Kivlemøyane.

Dei prosjekttilsette arbeidde tidleg ut ei skisse for framsyinga. Hæge Manheim vart leigd inn som koreograf, og saman med prosjektmedarbeidar Bjørnar Blaavarp Heimdal samarbeida dei tett om manus, koreografi og regi. Ungdommane vart inkludert i arbeidet og bidrog med forslag til koreografien. Spesielt fiskescena og hallingscena med battle og synkronisert dans vart utforma av ungdomane sjølve under rettleiing.

Dansarane var Margrete Andersen, Knut Boksasp Berge, Tone Bergen, Ingrid Gjerlid, Malin Gjerlid, Annbjørg Sagvolden Gunleiksrud, Sondre Haugen, Åsne Haugen, Birgit Haukås, Rebecka Lauritzen, Helle Luraas Lilleland*, Heidrun Midtbøen*, Sámund Midtbøen, Anlaug Nørstebø*, Gjertrud Raftevoll Rue, Ingrid Storlid, Helge Sigurd Amdal Telnes, Tone Anne Tveiten, Marianne Tvitekkja, Astri Chatura Øverdal*, Even Westeng, Torjus Westeng, Vilde Westeng og Silje Nilsen Østensen. Dansarane merka med stjerne deltok og med kveding.

Framsyinga baserte seg på springar frå Vest-Telemark, halling, gangar frå Tinn, tremannsdans (springar) og skotsking. Musikken var tradisjonsmusikk frå Telemark og slåttar knytt til sogene. Musikarane Lars Ingar Meyer Fjeld og Oddbjørn Aase og koreograf / regissør Hæge og Bjørnar hadde eit tett samarbeid der dei valte ut slåttar og sydde saman framsyinga. Tradisjonelle slåttar som vart nytta var Steinstolen, Urjen, Nordafjells, Gangar etter

Myllarguten, Fossegrimen, Kjeringa i snødrevet og Kivlemøyane. I tillegg vart det kveda Tema over Kivlemøyane. Samspelslåttane vart arrangert av muskar Oddbjørn Aase.

Kostymane som vart nytta var dongerikostymer laga av Inger Stinnerbom til sluttframsyinga til Fjordapuls i 2004, Bygda dansar i Sogn og Fjordane. Eva Dybdahl vart leigd inn til å tilpasse kostymane til kvar enkelt dansar.

Midtframsyinga vart synt tre gonger i 2015 for totalt 323 publikummarar. Premiera var synt på Granvin Kulturhus i Seljord 24. april for 120 publikummarar, deretter framsyning på Gullbring i Bø 9. august under Telemarkfestivalen for 60 publikummarar, og i Vinjehuset i Åmot 31. oktober for 143 publikummarar.

MØRKT HER ENDÅ ER I DALEN

Diktaren Jørund Telnes skapte ein heil visesyklus av saga om Guro Heddelid, som igjen inspirerte Tiljetakt til å lage si sluttframsyning basert på denne saga og visene. Framsyinga vart til i løpet av haust/vinter 2015 og våren 2016. Dansarane har gjennom dei tre prosjektåra fått eit solid danserepertoar innanfor Telemark sine folkeandstradisjonar.

Målet med framsyningsarbeidet var mellom anna at ungdommane skulle strekke seg meir i uttrykket, og prøve ut nye formidlingsmåtar og sceniske uttrykk. Hæge Manheim og Stian Roland var koreograf og regissør for framsyinga, som engasjerte og involverte ungdomane i framsyningsarbeidet. Det sceniske nivået vart løfta og kvar og ein av ungdomane fekk sin plass på scena.

Dansarane var Torjus Bakken, Symre Taugbøl Bang, Knut Boksasp Berge, Lydia Geirsta*, Ingrid Gjerlid, Malin Gjerlid, Sondre Haugen, Åsne Haugen, Birgit Haukås, Heidi Grue Holth, Nora Kruse*, Rebecka Lauritzen, Heidrun Midtbøen*, Sámund Midtbøen, Anlaug Nørstebø*, Gjertrud Raftevoll Rue, Malin Røysland Skårberg*, Ingrid Storlid, Ragnhild Særslund, Gunn Ingrid Tveiten, Tone Anne Tveiten, Marianne Tvitekkja, Even Westeng, Vilde Westeng, Silje Nilsen Østensen, Astri Chatura Øverland*, og danseforebilete Bjønn Raftevoll Rue. Dansarane merka med stjerne deltok og med kveding.

Dansane som vart nytta i framsyinga var telespringar, telegangar, springar frå Vest-Telemark, gangar frå Tinn, springar frå Tinn, skotsking,



Bergtakingsscena frå midtframsyninga *Telesegn med Tiljetakt*.

springar frå Drangedal / Nissedal, reinlender, vals, halling frå Edland, halling (laus).

Musikken vart arrangert og jobba fram av musikarane Lars Ingar Meyer Fjeld og Oddbjørn Aase. Det var ei blanding mellom hardingfelespel frå Lars Ingar, kveding frå ungdomane, arrangert musikk og nykomponert musikk av Oddbjørn. Tradisjonelle slåttar som vart nytta var Måltrosten, Va det ikkje du som leika med Guro, Bånsull, Namnlaus springar, Halling Jorån, Reinlender, Jåle Ragnhild, Sevlien, Fenta, Kivlemøyane, Geitehytten, Slåtten hennar Åshild, Dolkaren, Jørannatten, Klunkaren, Likferdsslåtten, Morgonvandringen, Den blårandute, Visetoner, Svartufsen, Normannklubben, Guro Heddeli og Nordafjells. I tillegg vart det kveda Guro Heddeli, Guro rid til ottesong (arkivopptak med Bjarne Øvrebø), Då eg var ung såg eg berre gleda.

Anlaug Buen var ansvarleg for kostymane, som

var ein kombinasjon av å nytte brukt, lånt og nytt materiale. Prosjektet kjøpte kjolane laga til Landskappleiken i Seljord 2011 av Seljord Folkemusikklag, som var i fint fargerikt ullstoff med utgangspunkt i Vest-Telemark snitt. Kjolane vart tilpassa kvar enkelt dansar og blei påført fleire element frå folkedraktene av Anlaug, Eva Dybdahl og Gro Hauger. Kostymane til karane tok og utgangspunkt i dei lokale folkedraktene, og fekk personlege vri med ulike fargesamansetningar. Kostymane skapte ei god ramme rundt framsyninga, som med hjelp av lyset Sture Moslåtten stod for, fekk ungdomane og framsyninga til å skine endå meir.

Framsyninga vart synt fram to gonger i 2016 for totalt 367 publikummarar. Premiera var på Riksscenen i Oslo 25. april for 194 publikummarar, og i Gullbring i Bø, under Telemarkfestivalen, 19. august for 173 publikummarar.

Kommunikasjon og marknadføring

Gjennom heile prosjektperioden vart det sendt ut informasjon om prosjektet, kva som skjedde på helgesamling og om framsyningane. Det vart sendt ut nyhende-brev på e-post til lokallag, fylkeslag, fylkeskommunen, ungdommar, FolkOrg og Noregs Ungdomslag.

I forkant og etterkant av prosjektstart, helgesamlingar, skuleturnear, kappleik og framsyningar vart det sendt ut pressemelding med bilete. Det var god flyt i informasjonen til media. Media, særleg lokalpresse, var flinke til å møte opp og dokumentere og skrive om arrangement i regi av Tiljetakt.

Det vart lagt ned stor innsats fram mot midt- og sluttframsyningane. Det vart laga og hengt opp plakatar i fylket, sendt ut informasjon fleire gonger på e-post og Facebook vart nytta til å spreie informasjon til alle som var der, både via Tiljetakt-sida og hending på framsyningane.

Prosjektleiaren Ingrid Heieren leia ei prosjekt-

gruppe på tvers av dei tre Bygda dansar-prosjekta for å laga ein reklamefilm for Bygda dansar.

OPPSLAG I MEDIA

Mediedekninga av prosjektet har vore god i samband med store høgdepunkt i perioden som opninga av prosjektet, skulerekuttering, midtframsyning og sluttframsyning. Lokale aviser har fatta stor interesse for ungdom som lærer sin eigen tradisjonsdans og som fattar interesse for dette. Media har vore flinke til å ha fokuset på ungdomane i reportasjane, og all omtalen har vore positiv.

Det har vore reportasjar, intervju og førehandsomtalar om framsyning og melding av sluttframsyninga: 15 oppslag i lokalmedia, ei melding av sluttframsyninga i både Folkemusikk og Ungdom, og nokre radiointervju.

Økonomi

Bygda dansar-prosjekta blir i hovudsak finansiert gjennom Sff sitt tilskot frå Kulturdepartementet (kap. 323 Musikkformål, post 78). Det totale budsjettet for Tiljetakt var ved oppstart på kr 3 300 000, men ble undervegs justert til kr 3 450 000 over ein prosjektperiode på 3 år. Av dette har Telemark Fylkeskommune bidrege med kr 300 000. Sluttregnskapet syner at prosjektet forbrukte totalt kr 3 399 235.

Det ble henført noen fastkostnader på prosjektet, hovudsakleg 5 % administrativ stilling på senteret og andel av kostnader knytta til rekneskapstjenester.

Prosjektmodellen var 100 % prosjektleiar med arbeidsstad ved Norsk senter for folkemusikk og folkedans og 50 % prosjektmedarbeidar med arbeidsstad lokalt i fylket. I Telemark starta prosjektleiar slik prosjektmodellen tilsa, men etter 13 månader vart stillinga redusert til 50 % og kontorstad vart flytta til Førde.

Prosjektmedarbeidar budde heile prosjektet i Nore i Numedal og reiste til Telemark for lokale øvingar og helgesamlingar og til Trondheim for fagdagar på sentret. Det resulterte i større forbruk i reisekostnader og leige av ressurspersonar og instruktørar, særleg fram mot sluttframsyninga.

PROSJEKTRKNESKAP FOR TILJETAKT, BYGDA DANSAR I TELEMARK

	2013	2014	2015	2016	sum siden oppstart
INNETEKTER					
Kulturdepartementet	500 000	1 000 000	1 100 000	550 000	3 150 000
Fylkeskommune	50 000	100 000	100 000	50 000	300 000
Andre inntekter	0	1 055	7 403	10 000	18 458
Sum driftsinntekter	550 000	1 101 055	1 207 403	610 000	3 468 458
UTGIFTER					
Lønnskostnad	328 124	811 350	647 626	468 330	2 255 430
Andre driftskostnader	150 258	252 904	332 233	408 410	1 143 805
Sum driftsutgifter	478 382	1 064 254	979 859	876 740	3 399 235
Driftsresultat	71 618	36 801	227 544	-266 740	69 223
FINANSIELLE POSTER					
Renteinntekter	0	0	0	0	0
Rentekostnader	3	0	0	0	3
Finansresultat	-3	0	0	0	-3
Resultat	71 615	36 801	227 544	-266 740	69 220



FOTO: KNUJT UT LER

Sluttframsyninga *Mørkt her endå er i dalen* på Riksscena.



